

LHL – Radøy.  
v/Berit Kvalvik .  
Kvistevegen 261.

### **Intensjonsavtale for ny kommune i Nordhordland.**

LHL – Radøy har drøfta intensjonsavtalen mellom dei tre kommunane , og har lyst å vera med å kommentera og dela vårt syn. Dette er ikkje noko enkel sak, her finns mange meiningar.

Problemet er vel at avtalen inneheld mange visjonar og vyer , men lite konkret å ta stilling til. Innspela våre vert difor å forsterka og forankra det me meiner er viktig for lokalmiljøet i Radøy. Frå vår ståstad vert det helst innan omsorgssektoren synspunkta kjem.

#### **Innspel / merknader.:**

Ynskje om at Velferdsenteret beheld sin noverande form som generelt sjukeheimstilbod for ibuarane i kommunen.

- Vidareutvikla det gode samarbeidet mellom Velferdssenteret og heimetenesta.
- Behalda lokal inntaksnemd , nærleik og kjennskap er viktig.
- Ivareta dagsenteret ,oppdatera og forbetra tilbodet .
- Ivareta Frivilligsentralen , må vera lokalt forankra.
- Viktig å halda på institusjonskjøkkenet vårt ,det er sjela i ein institusjon.
- Sikra lokal identitet og nærleik til tenestetilbodet.

Lukke til med arbeidet vidare .

Med helsing

LHL – RADØY v/ Berit Kvalvik.